



Protokoll

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalèn/ Siv Jensen	
Referent:	Karethe Kristoffersen Aam	
Møtenummer:	3/2024	
Dato:	12.06.24	
Tid:	09.30 – 15.30	
Stad:	Vestnes	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	x
Siv Jensen, nestleiar SSU	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	x
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Helse Ålesund kommune	x
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	x
LSU Molde		
Tanja Thalén, Leiar SSU	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	x
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	x
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	x
Gudrun Karlisen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	x
Brukarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	x
Brukarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	x
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Samhandlingsoverlege HMR	Fråverande
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Fråverande
Observatør Statsforvaltaren		
Karin Müller Mikaelsen	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	x
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	x
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) Kommuneoverlege Surnadal Kommune	Fråverande
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariatet Felles sekretariat kommunane(SR/Ålesund) Rådgjevar Ålesund kommune	x
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna"	x
Stian Endresen	Samhandlingsoverlege, fastlege Ulstein kommune	Fråverande



Protokoll

Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
16/24	<p>Velkomne!</p> <p>Godkjenning av innkallinga- innkallinga vart godkjent.</p> <p>Sak til eventuelt: Korleis orientere om saker som har blitt meldt til Helsefelleskap M&R?</p> <p>Godkjenning av referat frå sist møte-referatet vart godkjent. Du finn det HER</p> <p>Leiar Tanja Thalèn orienterte om vi går over til å skrive protokoll frå framtidige møter i SSU.</p>	0930-0940	Tanja Thalèn
17/24	<p>Status Helseplattformen (HP) SSU si behandling av sak 17/24 12.06.24</p> <p>Behandling HMR ved kvalitetssjef Vidar Hagerup orienterte om status HP etter kommandosenter perioden. Kommunehelsetenesta/ fastlegetenesta v/kommuneoverlege Olav Mestad orienterte om sine erfaringar med HP så langt. Brukarrepresentant i SSU Paula Skaar og Helge Hansen orienterte om brukarar sine erfaringar med HP.</p> <p>Det vart opna for spørsmål og dialog etter orienteringa.</p> <p>Vedtak SSU tek orienteringa om status Helseplattforma til vitande og vil invitere bidragshaldarane til ei ny orientering i siste SSU møte før jul 2024.</p>	0940-1040	Vidar Hagerup, kvalitetssjef HMR Olav Mestad, kommuneoverlege Ålesund kommune Helge Hansen og Paula Skår, brukarrepresentantar frå HMR og kommune



Protokoll

	Pause	1040-1050	
18/24	<p>Statsforvaltaren si deltaking i faglege samarbeidsutval i Helsefelleskap M&R SSU si behandling av sak 18/24 12.06.24.</p> <p>Behandling Statsforvaltaren ved Karin Muller Michalsen har ytra ønske om deltaking i fagleg samarbeidsutval for rehabilitering og gav ei orientering til SSU om statsforvaltaren si rolle inn mot helsefelleskapet og bakgrunn for ønske. Det vart opna for dialog og spørsmål etter orienteringa.</p> <p>Vedtak SSU tek orienteringa frå statsforvaltaren til vitande</p>	1050-1115	Karin Müller Michalsen
19/24	<p>Årsrapport Samhandlingsavvik 2023 SSU si behandling av sak 19/24 12.06.24.</p> <p>Behandling HMR ved rådgjevar i samhandlingsseksjonen, Karethe Aam, gav ei orientering om registrerte samhandlingsavvik i 2023 og om korleis avvik blir handtert i helseføretaket. Rådgjevar i Ålesund kommune, Bodil Haugen Våge, orienterte om korleis avvik blir handtert i Ålesund kommune. Det vart opna for dialog og erfaringsutveksling etter orienteringa.</p> <p>Vedtak 1. SSU tek årsrapport for samhandlingsavvik 2023 til vitande.</p>	1115-1145	Karethe K. Aam Bodil H Våge



Protokoll

	2. SSU ber LSU om innspel til tiltak for å betre meldekultur i HF og kommunar.		
	LUNSJ	1145-1230	
20/24	<p>Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal SSU si behandling av sak 20/24 12.06.24</p> <p>Behandling Det har vore gjort eit arbeid for å samle dei 12 faglege handlingsplanane til ein felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal. Vidare oppfølging av felles handlingsplan vart drøfta.</p> <p>Leiar og nestleiar i SSU, Tanja Thalèn og Siv Jensen, innleidde på saka etterfylgt av gruppearbeid på følgande spørsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis kan FSU velje ut og spisse tiltak i handlingsplanane sine? • Kva for kriterier meiner vi er dei rette for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot? • Kven skal ha ansvar for revisjon av felles handlingsplan? • Korleis skal statusrapportering av FSU sine handlingsplanar gå føre? <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU sitt arbeid med plan for evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan vert kontinuert i møte 11.09.2024. SSU skal då ta stilling til: <ul style="list-style-type: none"> • Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan 	1230-1510 Pause: 1330-1345	Tanja Thalèn



Protokoll

	<ul style="list-style-type: none"> Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot Ansvar for revisjon av handlingsplanar Metodikk og gjennomføring av statusrapportering <p>2. SSU ber leiar for kvart FSU oppdatere gjeldande handlingsplan innan 11.09.2024, herunder status for kvart tiltak, i form av triagering med fargekodar.</p>		
21/24	<p>Innspel til saker i SSU møte 11.09.24 (fysisk) SSU si behandling av sak 21/24 12.06.24</p> <p>Behandling Det vart bedt om innspel til saker til neste møte i SSU som skal vere eit fysisk møte på Vestnes 11.09.24.</p> <p>SSU kom med følgande innspel til saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> Plan for oppdatering og evaluering av felles handlingsplan. FSU skal ha oppdatert Felles handlingsplan med prioritering og fargekoding for 2024 Sentrale og lokale kriterier for tildeling av Rekruttering- og samhandlingsmidlar HP: Ventelister og fristbrot, HP relaterte samhandlingsavvik <p>Vedtak Saka var lagt fram utan forslag til vedtak</p>	1510-1520	Tanja Thalèn
22/24	<p>Barneblikk tilbodet SSU si behandling av sak 22/24 12.06.24</p>	1520-15.30	Tanja Thalèn



Protokoll

	<p>Behandling</p> <p>Oppfølging av vedtak i sak 3/24 frå 24.01.24.</p> <p><i>«SSU oppmodar FU for barn og unge til å ta kontakt med styringsgruppe for Barneblikk med det føremål å sjå på mogelegheiter for å breidde tilbodet.</i></p> <p><i>Ønske om tilbakemelding innan 01.06.24, sak i SSU 12.06.24.»</i></p> <p>Leiar i fagleg samarbeidsutval for barn og unge har gitt følgande skriftlege tilbakemelding:</p> <p><i>«Det er per i dag ikke planlagt en konkret breidding av tilbudet Barneblikk i 2024. Årsakene er todelte:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>1. Psykisk helsevern barn og unge har store kapasitetsutfordringer og lange ventelister på grunn av høyt antall henvisninger. De ulike BUP'ene har derfor per i dag ikke mulighet til å sette av ytterligere ressurser til Barneblikk. Det prioriteres per i dag å jobbe med å ta unna ventelistene på barn som har fått rett til helsehjelp. En breidding av Barneblikk etter dagens modell vil kreve økte ressurser. Vi har også nye styringskrav som vil kreve at det settes av ressurser til blant annet rusbehandling og helsehjelp til barn i barnevernsinstitusjon. Det er per i dag en stor utfordring å prioritere våre ressurser godt.</i> <i>2. Vi ser et behov for å gjøre en evaluering av tilbudet før en eventuell breidding for å sikre en modell som er bærekraftig inn i</i> 		
--	--	--	--



Protokoll

	<p><i>fremtiden. Det må også gjøres et grundig forankringsarbeid i kommunene. Per i dag er det for eksempel en utfordring at ikke alle kommunene i eksisterende team stiller med avtalte ressurser. Samarbeidsavtalen med dagens involverte kommuner er utgått, og det er ønskelig at disse revideres og forankres på nytt som en del av prosessen. En tydeligere rolleavklaring mellom kommune og spesialisthelsetjeneste er også ønskelig.»</i></p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek tilbakemeldinga frå leiar i fagleg samarbeidsutval for barn og unge til vitande. 2. SSU ber leiar for fagleg utval om evaluering av dagens modell for Barneblikk. 		
<p>23/24 Evt.</p>	<p>Korleis orientere om saker som har blitt meldt til Helsefellesskap M&R SSU si behandling av sak 23/24 meldt som eventuelt.</p> <p>Behandling Fagleg utval for rehabilitering meldte inn ei sak til Helsefellesskap Møre og Romsdal i februar 2024. Det vart etterspurt kvifor det ikkje har vore orientert om saka og når saka eventuelt skal behandlast i Helsefellesskapet.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Saka skal etter planen opp i september. 2. Orientering om innmeldte saker skal vere fast post i framtidige møter. 		



Protokoll

	Takk for møtet!		Tanja Thalén



Protokoll